



Rogaland fylkeskommune  
Postboks 130  
4001 Stavanger

Kontakt saksbehandlar

Marita Skorpe Falnes, 51568894

## Klage - dispensasjon - Time 4/200 - Myrvegen 5 Håland - endring byggeløyve deler av bygg

Vi viser til oversending frå fylkeskommunen dagsett 24.04.2024 med fylkesutvalet sitt vedtak i sak 49/2024, og til oversending frå fylkeskommunen dagsett 07.05.2024 der fylkeskommunen ber om Statsforvaltaren si vurdering av samtykkesaken.

**Statsforvaltaren i Rogaland klagar på fylkesutvalet sitt vedtak om å gi samtykke til å fråvike regional planføresegn for å etablere forretning for detaljvarehandel på gnr./bnr. 4/200 i Myrvegen 5 på Håland i Time kommune. Etableringa er i strid med Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, gjeldande kommuneplan for Time kommune og reguleringsplanen for eigedomen, og i konflikt med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.**

**Å fråvike den regionale planføresegna i denne saka, vil vesentleg tilsidesette omsyna bak føresegner i både regionalplan, kommuneplan og gjeldande reguleringsplan. Tiltaket vil bidra til handelslekkasje frå Bryne sentrum til Håland, auka arealpress, auka personbiltransport og auka klimagassutslepp. Å fråvike den regionale planføresegna i denne saka er svært uheldig, då det over lang tid har vore press på handelsetableringar på Håland, og spørsmålet om etablering av handel med ikkje plasskrevjande varer på Håland er vidare avgjort av KMD for berre 3,5 år sidan.**

### Bakgrunn for saka

Utval for lokal utvikling i Time kommune har fatta vedtak om dispensasjon for endring av byggeløyve for andre etasje i eit allereie oppført bygg på eigedomen i sak 009/24. Kommunen sitt vedtak var avhengig av samtykke frå fylkesutvalet for å fråvike regional planføresegn. Fylkesutvalet gav samtykke i sak 49/2024 i møte den 23.04.2024. Følgjande vedtak blei fatta:

*Fylkesutvalet trekkjer fylkesdirektøren sin klage datert 23.02.2024 på vedtak om dispensasjon frå gjeldande reguleringsføresegn som avgrensar handel til spesifikt nemnde plasskrevjande varegrupper. Fylkesutvalet legg vekt på at dispensasjonen gjeld 2. etasje av eit eksisterande bygg, og at dette er det siste bygget i delfeltet som ikkje er tatt i bruk.*



*Med heimel i § 8-5 i plan- og bygningslova gjev fylkesutvalet samtykke til etablering av handel med møbler slik det er søkt om i eksisterande bygg på eigedomen gnr.4, bnr.200, Myrvegen 5 i Time kommune.*

Saka gjeld søknad om etablering av to møbelforretningar i andre etasje av eit allereie oppført bygg. Tiltaket kravde dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan 0414.01 § 4.1, då reguleringsplanen berre opnar for etablering av handelsverksemd med plasskrevjande varer. Tiltaket er derfor og avhengig av samtykke frå fylkeskommunen for å fråvike regional planføresegn i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, som berre opnar for ny og utvida handelsverksemd i område avsett til sentrumsføremål i kommuneplanen sin arealdel eller i kommunedelplan. Plasskrevjande varer er unntatt den regionale planføresegna. Kva som er definert som plasskrevjande varer går fram av både reguleringsplanen for den aktuelle eigedomen, kommuneplanen og Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Møbler inngår ikkje i dei nemnte varegruppene.

#### Saksgang og våre tidlegare fråsegn i saka

Vi uttalte oss til saka då dispensasjonssøknaden blei sendt på høyring frå Time kommune. Vi viser til vår fråsegn i brev dagsett 07.01.2024 i vår sak 2023/14366, der vi rådde i frå at kommunen gav dispensasjon. Vi har og sendt ei merknad til saka etter at Utval for lokal utvikling likevel fatta positivt vedtak i saka, jf. vårt brev dagsett 08.03.2024 i same sak, der vi informerte kommunen om at vi ikkje såg vedtaket som rettskraftig før saka var samtykkebehandla av fylkesutvalet.

Kommunen orienterte fylkeskommunen om Utval for lokal utvikling sitt vedtak i saka i brev dagsett 05.02.2024, og bad samstundes om samtykke til å fråvike regional planføresegn. Vi har ikkje uttalt oss i samband med handsaminga av spørsmålet om samtykke frå fylkesutvalet, då fylkeskommunen tok saka til handsaming utan å be om våre innspel.

Rogaland fylkeskommune informerte om vedtaket om samtykke i brev dagsett 24.04.2024. Etter plan- og bygningslova § 1-9 kan statleg organ klage på enkeltvedtak som etter lova gjeld vedkommande organ sitt saksområde. I denne saka er det ikkje tvil om at fylkesutvalet sitt vedtak vedkjem Statsforvaltaren sitt sektoransvar for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og lokalisering av handelsverksemd. Jf. plan- og bygningslova § 8-5 fjerde ledd er vi og tildelt eit særleg ansvar i saker som gjeld fråvik frå regional planføresegn.

Etter § 29 i forvaltningslova er fristen for å klage 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket kom fram til vedkommande part. Klaga er derfor sendt innan fristen.

#### **Grunngjeving for vår klage**

Vi viser til vår fråsegn til søknad om dispensasjon i brev dagsett 07.01.2024, der vi skreiv

*Vi viser til Time kommune si førebelse vurdering om at tiltaket er i strid med gjeldande planer for området samt overordna føringar, og at vilkåra for å gje dispensasjon såleis ikkje er oppfylt i denne saka. Statsforvaltaren viser til argumenta som er lagt fram av kommunen, og tiltrer i hovudsak disse.*

*Som også lagt til grunn av kommunen og fylkeskommunen, vil etablering med møbelforretning ikkje vere omfatta av plasskrevjande varer, og såleis vere i strid med både regulerings- og kommuneplanen, samt Regionalplanen.*



*Intensjonen og omsynet bak desse føresegnene er nettopp å utvikle berekraftige og robuste by- og tettstadsstrukturar, i tråd med dei statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging. Etablering av møbelforretning på omsøkt eigedom vil i stor grad vere bilbasert, slik at ein eventuell dispensasjon vil kome i konflikt med målsettinga i gjeldande planer.*

*Statsforvaltaren vil med dette **rå i frå** omsøkt dispensasjon, og minner om at kommunen ikkje kan gi dispensasjon til tiltak i strid med regional planføresegn utan at det er gitt samtykke til dette frå fylkeskommunen.*

Då Utval for lokal utvikling likevel fatta vedtak i saka, sende vi eit nytt brev til kommunen, dagsett 08.03.2024, der vi la til grunn at kommunen ikkje ville sette i verk tiltak før saka var handsama av fylkesutvalet, og at vi ville få høve til å uttale oss før ei slik handsaming. I dette brevet skreiv vi mellom anna følgjande om vår vurdering av vedtaket som var fatta:

*Regional planføresegn gjeld for det forholdet som det her blir søkt om dispensasjon for. Etablering av møbelforretningar på Håland er i strid med den regionale planføresegna, slik vi presiserte i vår uttale då dispensasjonssaka var på høyring.*

*Spørsmålet om å opna for andre typar handel på Håland har vore til endeleg avgjerd hos Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Vi viser til KDD si avgjerd i motsegnssaka som gjaldt kommuneplanen for Time, i brev datert 16.12.2020. KDD la vekt på at den regionale planen er ei lokal forankring av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og at det er viktig å følgje opp den regionale planen med regional planføresegn som er blitt til gjennom omfattande utgreiingar og regionale avklaringar.*

*Hensikten med den regionale planføresegna er å styre etablering av handel til sentrumsområda. Det vil byggje opp om målsettinga i dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som i punkt 4.5 seier at «Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tjenestetilbud kan lokaliseres ut fra en regional helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter. Dette gjelder også for besøks- og arbeidsplassintensive statlige virksomheter. Virksomhetene må tilpasses omgivelsene med hensyn til størrelse og utforming.»*

*Eigedommen er regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan, med føresegner om at det berre er tillate med sal av plasskrevjande varer. Kva varegrupper dette gjeld er nærare lista opp, og desse er i samsvar med definisjonane i regional planføresegn av varegrupper. Vedtaket som ULK har fatta, opnar for etablering av forretning som ikkje er i tråd med regional planføresegn. Me gjer merksam på at då gjeldande reguleringsplan blei endra i 2022, rådde me i frå eit tillegg i føresegna som me oppfatta som ei mogleg opning for andre varegrupper i området enn det som regionalplanen opna for. Etter vår uttale endra kommunen føresegna, slik at den blei i tråd med den regionale planføresegna. Å dispensere frå ein nyleg endra plan, der dispensasjonsspørsmålet gjeld forhold som er avklart spesifikt gjennom planendringa, er uheldig.*

Vidare vil vi peike på følgjande moment som grunnlag for vår klage:

**Føremålet med regionalplanen og dei nasjonale målsetningane som regionalplanen tek i vare**

Regionalplanen er den lokale forankringa av dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Det overordna målet med regionalplanen er at regionen skal ha ei berekraftig by- og stadsutvikling basert på regionale heilskapsløysingar som effektiviserer arealbruken og transportarbeidet, styrker verdiskapinga, reduserer klimagassutslepp, sikrar natur- og



kulturmiljø og gir høg livskvalitet. I dette ligg mellom anna at vi vil unngå ei utvikling med byspreiing og auka avhenge av bil, og at areala må nyttast på ei best mogleg måte for framtida.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging peiker på regionale planar som viktige for å sikre ei heilskapleg forvaltning og utvikling i regionane innanfor tema som går på tvers av kommunegrensene. Dei regionale planane må utarbeidast i tett samarbeid med kommunane for å sikre god forankring og ei felles forståing av korleis planane skal følgjast opp. I punkt 20 i forventningane står det at *«I byar og tettstader lokaliserer ein bustader, næringsverksemd, arbeidsplassar, handel og tenestetilbod slik at dei bidreg til å styrkje attraktiviteten til stadene og byggjer opp under sentrumsfunksjonane. Sentrumsområda blir utvikla og følgde opp i samarbeid med private aktørar og innbyggjarane»*.

I punkt 4.1 i dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, er det slått fast at *«Rammer for utbyggingsmønster og transportsystem bør fastsettes i regionale planer i tråd med disse retningslinjene. Planene bør avklare utbyggingsmønster, lokalisering av regionale handels- og servicefunksjoner og hovudtrekkene i transportsystemet, herunder knutepunkter for kollektivtrafikken. Planene bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstedsområder og store sammenhengende landbruks-, natur- og friluftsområder.»*, og i punkt 4.5 er det slått fast at *«Det skal legges til rette for at handelsvirksomhet og andre publikumsrettede private og offentlige tenestetilbud kan lokaliseres ut fra ein regional helhetsvurdering tilpasset eksisterende og planlagt senterstruktur og kollektivknutepunkter. Dette gjelder også for besøks- og arbeidsplassintensive statlige virksomheter. Virksomhetene må tilpassess omgivelsene med hensyn til størrelse og utforming.»*

Det omsøkte tiltaket legg til rette for at to verksemdar som i dag er lokalisert i høvesvis Bryne sentrum og sentralt på Ålgård kan flytte til Håland, om lag halvannen km sør for Bryne sentrum. Håland skal, jf. regionalplanen og kommuneplanen, vere eit næringsområde for næringsverksemdar i kategori 2. Der det er opna for handel, skal dette berre vere handel med plasskrevjande varer. Kollektivdekninga til området er avgrensa, og parkeringsmoglegheitene relativt gode. Handels-etableringar i området vil derfor i hovudsak bli bilbaserte.

Bryne sentrum er regiondelsenter på Sør-Jæren, og har god kollektivdekning med togstasjon og hovudbusshaldeplass midt i sentrum. Å legge til rette for eit bredt og variert handelstilbod i Bryne sentrum vil vere i tråd med føresetnader om senterhierarki i regionalplanen. Møbelforretningar vil venteleg ha eit regionalt nedslagsfelt, og passar derfor godt inn i eit regiondelsenter. Lokalisering av møbelforretningar på Håland vil derfor vere i direkte konkurranse med Bryne sentrum, og bidra til handelslekkasje, i strid med føremålet bak den regionale planføresegna og dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Relokalisering av forretningar frå Bryne sentrum til Håland, vil både svekke Bryne sin attraktivitet som eit regionalt sentrum, og gi bilbruk eit fortrinn framfor kollektivtransport.

Vi vil og legge til, slik som fylkesdirektøren har påpeika i sitt saksframlegg til handsaminga av samtykkespørsmålet, at areal som er eigna til handel med plasskrevjande varer har nokre forutsetningar som gjer dei til ein avgrensa ressurs. Forretningar som driv handel med plasskrevjande varer har trong for særleg store areal og gode logistikk-løysingar. Å nytta slike areal til handel med varer som kan og bør lokaliserast i sentrum, er ikkje god arealpolitikk. Det er viktig at kommunane nyttar sine areal slik areala har best føresetnad for, slik at ein unngår press på nedbygging og omdisponering av nye areal. I denne samanheng vil vi og påpeike at vi for tida har på høyring eit planforslag for utviding av kjøpesenteret M44 som ligg sentralt i Bryne sentrum. Gjennom dette planarbeidet har kommunen gode høve til å leggje til rette for ei utbygging som er veileigna for større forretningar.



### Den regionale planføresegna

Målet med den regionale planføresegna er både å styrke eksisterande by- og tettstadssentrum, og å bidra til å redusere transportbehovet og klimagassutslepp. Regionen har ein senterstruktur med mange kommune- og lokalsentra. I regionalplanen er det definert eit senterhierarki ut frå etablert storleik, funksjon og kollektivinfrastruktur. Den regionale planføresegna om lokaliseringstyring av handel, er eit sentralt og viktig grep for å bygge opp om sentrums- og knutepunktutvikling, slik arealstrategien i regionalplanen legg opp til. Planføresegna har krav om at etablering og utviding av handel berre skal skje i område der arealbruken er vist med sentrumsføremål i kommuneplanane eller kommunedelplan. Unntak frå hovudregelen er klart definerte i planføresegna.

Vi viser til fylkesdirektøren sitt saksframlegg i samband med fylkesutvalet si handsaming av samtykkespørsmålet, der det går fram at ein gjennom tidlegare føresegn som og opna for at møbler, kvitevarer og tepper kunne seljast i område utanfor sentrum, har erfart at desse varegruppene ikkje bør få unntak frå planføresegna. Når slike forretningar kunne etablerast utanfor sentrum, såg ein at dette medverka til stor handelsvekst i sentrumseksterne bilbaserte område, medan hovudsentera hadde stillstand eller minimal vekst i handelsomsetjinga. I realiteten var det ein betydeleg relativ nedgang i sentrumsområda, grunna handelslekkasje til dei eksterne områda. Erfaringane med fylkesdelplanen frå 2000, førte derfor til at varegruppene møbler, tepper og kvitevarer ikkje lenger blei unntatt frå kravet om sentrumslokalisering då den regionale planføresegna første gang blei vedtatt i 2013. Handel var også tema ved revisjon av regionalplanen i 2019, og det blei konkludert med at det ikkje skulle gjerast vesentlege endringar av den regionale planføresegna.

Regionalplanen vart til gjennom ein omfattande prosess der det blei lagt vesentleg vekt på semje om løysingane i planen. Ei vesentleg planforutsetning, som det spørsmålet om kor ein kan etablere handel i regionen er, bør ikkje fråvikast ved einskilde dispensasjonar. Pbl. § 8-2 stadfestar og at regional plan skal leggest til grunn for både regional, kommunal og statleg planlegging. Den regionale planføresegna er tilpassa situasjonen i regionen, der det å bygge opp om dei relativt mange kommune- og lokalsentera som finns, krev at handel blir lokalisert i desse sentera. Gjennom den regionale planføresegna, får regionen eit samordna, felles regelverk for handelsetableringar, som gir like vilkår i alle kommunane. Det er derfor svært uheldig om ein kommune gir unntak frå reglane.

### Gjeldande reguleringsplan

Som det går fram av sitatet frå vårt brev av 08.03.2023, så er eigedomen regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan, med føresegner om at det berre er tillate med sal av plasskrevjande varer. Kva varegrupper dette gjeld er nærare lista opp, og desse er i samsvar med definisjonane i regional planføresegn av varegrupper. Då gjeldande reguleringsplan blei endra i 2022, rådde me i frå eit tillegg i føresegna som me oppfatta som ei mogleg opning for andre varegrupper i området enn det som regionalplanen opna for. Etter vår fråsegn endra kommunen føresegna, slik at den blei i tråd med den regionale planføresegna. Spørsmålet om etablering av handel med ikkje plasskrevjande varer på denne eigedomen er derfor allereie avklart genom nyleg vedteken reguleringsendring.

### Kommuneplanen sitt føremål og planprosess

I gjeldande kommuneplan er området avsett til forretning, men med føresegner om at det berre kan etablerast handel med plasskrevjande varer. Dette er i samsvar med den regionale planføresegna som opnar for at kommunane kan sette av eigna område som skal romme sal av varegruppene bilar, båtar, landbruksmaskinar, trelast og andre større byggevarer i næringsområde med allsidig verksemd (kategori 2).



Ved førre revisjon av kommuneplanen til Time, fremma Statsforvaltaren i Rogaland motsegn mot å opne for handel i strid med regionalplanen i det same området som det no er gitt samtykke til å fråvike regional planføresegn for. Rogaland fylkeskommune fremma motsegn i same sak. Motsegnene blei ikkje løyste gjennom mekling, og vart derfor oversendt for endeleg avgjerd hos KMD. I endeleg avgjerd, jf. brev av 16.12.2020, blei motsegnene tatt til følge. Spørsmålet om å tillate handel i strid med den regionale planføresegna i dette området, har med dette vore vurdert frå nasjonalt hald for omtrent 3,5 år sida. KMD la vekt på at den regionale planen er ei lokal forankring av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, og at det er viktig å følge opp den regionale planen med regional planføresegn som er blitt til gjennom omfattande utgreingar og regionale avklaringar. Dei skreiv mellom anna:

*Kommunal- og moderniseringsdepartementet meiner at den regionale planen med juridisk bindande planføresegn må bli tillagt stor vekt i denne saka. Regionalplanen er ei oppfølging av dei nasjonale forventningane og av sentrale prinsipp i dei statlege planretningslinjene, og er nyleg revidert. I samband med revisjonen og innspel frå Time kommune, vart det gjort ei konkret vurdering av varehandelskonseptet på Håland, i ei eiga tilleggsutgreiing. Der blei det konkludert med at ytterlegare spreining av varehandel ikkje er ein god idé, verken for transport, arealbruk eller økonomi. Lokalisering av big-box-konsept utanfor sentrum vart difor frårådd.*

*Dei aktuelle områda på Håland ligg 1,5 km utanfor bykjernen av Bryne. Det er i dag avgrensa kollektivdekning mellom området og Bryne sentrum, og området er ikkje godt lagt til rette for gåande og syklande. I følge motsegna vil det å opne for eit bredt handelstilbod på Håland, bidra til å svekke den eksisterande handelen i Bryne, og føre til auka biltransport. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er einig i denne vurderinga, og meiner at planforslaget ikkje vil støtte opp under en berekraftig areal- og transportplanlegging. Etter departementets syn vil ei opning for big-box-konsept innanfor områda FB1-FB3 på Håland, vere i strid med mål og føresegner i Regionalplan for Jæren, og med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Forslaget vert difor ikkje godkjent.*

Det har altså over lang tid vore press på handelsetableringar på Håland, og dette spørsmålet er allereie handsama på nasjonalt nivå. Å fråvike den regionale planføresegna i denne saka er derfor svært uheldig, og heilt klart i strid med nasjonale føringar både for utviklinga av regionen vår som heilskap, og for utviklinga på Håland konkret.

### Saksgang

Søknaden om dispensasjon frå reguleringsplanen sine føresegner blei sendt til høyring hos statlege og regionale mynde. Vi uttalte oss til saka i fråsegn dagsett 07.01.2024, og rådde i frå at kommunen gav dispensasjon.

Som nemnt over, fatta kommunen likevel vedtak om å gi dispensasjon til endra bruk av andre etasje i bygget, utan at spørsmålet om samtykke til å fråvike den regionale planføresegna var handsama av fylkesutvalet. Denne framgangsmåten oppfatar vi er i strid med den juridiske tolkinga som går fram av regjeringa sine spørsmål- og svar-sider om plan- og bygningslova<sup>1</sup>, jf. spørsmål til § 8-5 regional planføresegn. I svar på spørsmål går det fram at fylkeskommunen må gi samtykke før kommunen kan fatte vedtak om dispensasjon. Vi viser her også til både fylkesdirektøren sitt saksframlegg til

---

<sup>1</sup> [https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan\\_bygningsloven/planlegging/veiledning/sporsmal\\_svar\\_plan\\_bygningsloven/id576821/?expand=facebook2894776](https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/veiledning/sporsmal_svar_plan_bygningsloven/id576821/?expand=facebook2894776)



fylkesutvalet si handsaming av samtykkespørsmålet, og eit eige brev, dagsett 25.04.2024, som fylkeskommunen har sendt til kommunen etter at saka var til handsaming hos fylkesutvalet.

Jf. pbl. § 8-5 skal fylkeskommunen ved handsaming av samtykkespørsmålet gjere dette i samråd med Statsforvaltaren og aktuelle kommunar. I denne saka har vi ikkje fått høve til å komme med ei eiga fråsegn før fylkesutvalet handsama spørsmålet om samtykke. Våre tidlegare fråsegn i saka er heller ikkje referert i saksframlegget til denne saka. Dette er ei feil i sakshandsaminga, som kan ha påverka utfallet i saka. Vi viser her til lovkommentaren til pbl. § 8.5, der det står at «*Det legges til grunn at fylkeskommunen ikke kan gi samtykke dersom statsforvalteren kan vise til at dette åpenbart er i strid med nasjonale interesser*». I denne saka er det gjort klart, både frå vår side, og i fylkesdirektøren sitt saksframlegg, at eit samtykke i saka vil vere i vesentleg strid med den regionale forankringa av dei statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Å opne for etablering av handel med ikkje plasskrevjande varer på Håland gjennom dispensasjon og samtykke til å fråvike regional planføresegn, vil føre til ei svekking av Bryne sentrum som regiondelsenter, auka biltransport og ha potensialet for å gi ei vesentleg svekking av den regionale planføresegna som styringsverktøy. Spørsmålet om etablering av handel med ikkje plasskrevjande varer på Håland er som nemnt avgjort av KMD for berre 3,5 år sidan.

### Konklusjon

Med grunnlag i vår fråsegn til dispensasjonssøknaden dagsett 07.01.2024, vårt brev til kommunen dagsett 08.03.2024, og argumenta i dette brevet, **klagar** Statsforvaltaren i Rogaland på fylkeskommunen sitt vedtak om å gi samtykke til dispensasjon frå den regionale planføresegna for etablering av to møbelforretningar på gnr./bnr. 4/200, Myrvegen 5, i Time kommune.

Den aktuelle handelsetableringa er i strid med føremålet til Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, regional planføresegn og statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Å fråvike den regionale planføresegna i denne saka vil vesentleg tilsidesette omsyna bak føresegner i både regionalplan, kommuneplan og gjeldande reguleringsplan. Tiltaket vil bidra til handelslekkasje frå Bryne sentrum til Håland som er eit næringsområde for kategori 2 næringar, auka arealpress, auka personbiltransport og auka klimagassutslepp. Å fråvike den regionale planføresegna i denne saka er svært uheldig, då det over lang tid har vore press på handelsetableringar på Håland. Spørsmålet om etablering av handel med ikkje plasskrevjande varer på Håland er vidare avgjort av KMD for berre 3,5 år sidan.

Vi ber om at fylkesutvalet sitt vedtak i sak 49/2024 blir gjort om. Dersom vedtaket ikkje blir endra, ber vi om at saka blir oversendt til klageinstans.

Vi ber om at vårt saksnummer 2023/14366 blir oppgitt i vidare korrespondanse til oss i saka.

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)  
ass. statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Time kommune

Postboks 38

4349

Bryne